

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest

**DATO:** 17.09.2015  
**FRÅ:** Administrerende direktør Jannicke Daae Tønjum  
**SAKSHANDSAMAR:** Administrerende direktør Jannicke Daae Tønjum  
**SAKA GJELD:** **Administrerende direktør si orientering**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** 043/15

**STYREMØTE:** 29.09.2015

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtek årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest 2016.

## Oppsummering

I forslaget til årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest 2016 er det lagt opp til 8 styremøter. I første styremøte etter sommarferien (august) leggst opp til eit kort møte fokusert på rapport frå verksemda gjennom sumaren, medan det i oktober er lagt opp til eit styreseminar med hovudtema rundt strategi, avtaler og prisstrukturar.

I oversikten er det og lagt inn styreseminar for RHF-styret og HF-styra 29. februar – 1. mars 2016 i Stavanger (markert med lys lilla i Vedlegg 2 – Møtekalender 2016), kor heile styret er invitert til å delta. Denne samlinga starter med sosialt samvere og middag kvelden 29. februar. Der er og eit styreseminar 3. - 4. oktober . Her deltek berre Styreleiarar og AD.

I RHF-styremøte 3. oktober 2016 (markert med lys blå i Vedlegg 2 – Møtekalender 2016), kor SAV skal presentere sin aktivitet for RHF-styret, er det og berre Styreleiar og AD som deltek.

Styremøta er foreslått avhaldne vekslande mellom videokonferanse og fysiske møter i Bergen. Administrasjonen vil etter vedtak av møteplanen omgåande sende ut Outlook-invitasjon til styremøta i 2016.

Møteplanen vil bli grunnlag for utarbeiding av interne møteplanar for SAV leiarmøter.

## Vedlegg

1. Årsplan for 2016
2. Møtekalender for 2016